



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Ungdomsrådet 22.3.21

Ungdomens kulturhus Gapahuken

Møtt: Eirik, Isak, Jostein, Kristin, Margrete, Ingrid og Øystein (for kommunen)

Ikkje møtt: Ingeborg

Gjest: Odd Erik Holden

01/21 TV-aksjonen 2021

Odd Erik orienterte:

«Rotary» har hatt ansvar for organisering av TV-aksjonen i Øystre Slidre i ei årrekkje. Aksjonen vert no gjennomført digitalt. Rotary har meldt inn at dei manglar kunnskap om sosiale medier, og at dei ynskjer eit samarbeid med t.d. ungdomsrådet eller andre med slik kompetanse.

Spørsmål: Kan ungdomsrådet bidra i gjennomføringa av TV-aksjonen i Øystre Slidre til hausten?

Vurdering: Ungdomsrådet bidreg gjerne ved gjennomføring av TV-aksjonen 2021, men ynskjer å vite meir om kva oppgåver me er tiltenkt og kva omfang dette vil ha. Ungdomsrådet stiller gjerne til eit møte med kommunen og Rotary for å avklare dette.

02/21 «Fly'a folkehøgskule» - eit folkehøgskuletilbod på Heggenes

Odd Erik orienterte:

Kommunen skal søkje om å etablere folkehøgskule i det gamle sjukeheimsbygget på Heggenes. Folkehøgskulen skal vere ei skule «for alle», tilrettelagt for personar med nedsett funksjonsevne, med fokus på meistring. Skulen skal ha fagleg fokus på E-sport, leiing og friluftsliv. Tanken er at skulen skal ha om 120 elevplassar, der 30-40 av elevane kan ha nedsett funksjonsevne. Aldersgruppe 18-30 år. Det er oppretta samarbeidsavtaler med forsvaret, E-sportforbundet, Beitostølen Helseportsenter, m.f.

Meir info om saken: sjå kommunestyresak [21/443 - Fly'a Folkehøgskule](#)

Kommentar frå ungdomsrådet: Tøft konsept! Det er bra at det vert satsa på eit nytt tilbod (e-sport er moderne). Dette vil gje eit løft for Heggenes.

Det er viktig for ungdomsrådet at eit evt. e-sportsenter også må kunne brukast av lokal ungdom/unge vaksne. Gaming er ei stor fritidsinteresse, og behovet for ein møteplass for gaming er stor.

Ungdomsklubben jobbar med plan om eit gamingsenter for lokal ungdom. Her bør det samarbeidast, om søknaden om folkehøgskule vert godkjent.

03/21 Utanforskning:

Odd Erik orienterte om eit prosjekt i Nordland med mål om å få 300 ungdomar/unge vaksne som ikkje tek del i arbeidslivet inn i meningsfylte jobbar. Målgruppa er ungdom og unge vaksne som ikkje er i arbeid, men som har stor kompetanse på data.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Kva kan me gjere for å får desse ut i arbeid?

Veit me om nokon som sit heime? Korleis gje dei meiningsfylte oppgåver?

Meir om saken her: <https://tv.nrk.no/serie/distriktsnyheter-nordnytt/202102/DKTR98021621/avspiller>

Vurdering: Saken vart ikkje drøfta i stor grad av ungdomsrådet, men Kristin held på med eit prosjekt om utanforskap på skulen, som skal resultere i eit framlegg for politikarar seinare i vår.

04/21 Dagsturhytte:

Øystein orienterte om planane for dagsturhytte i Øystre Slidre.

Sjå bakgrunn i sak: [21/1030 - Dagsturhytte i Øystre Slidre](#)

Vurdering: Ungdomsrådet stiller seg positive til etablering av dagsturhytte. Tiltent plassering i Herangbakken er eit godt alternativ. Ungdomsrådet vil ta ei synfaring på staden i neste ungdomsrådsmøte i april/mai, og koma med endeleg innspel. Eit anna alternativ til plassering, kan vere på Ålenhøvda ovafor Moane.

05/21 Tale på 17-mai

Øystein orienterte:

Ungdomsrådet fekk forespurnad om å halde 17.mai-tale i 2020. Grunna korona vart det ikkje til at ungdområdet held tale, men får spørsmålet på nytt no i 2021. Talen vil bli halde på Tingvang i ein mindre seremoni ved bautaeen 17.mai, og bli publisert på nett.

Vurdering: Ungdomsrådet seier seg villige til å halde tale 17.mai. Kristin og Margrete tek ansvar, og involverer Ragne Aasan som var leiar i 2020 (om ho vil). Tema for talen vil vere «takknemlegheit».

06/21 Kjøp av aktivitetsskapande utstyr

STABEN har kome med innspel på utstyr/inventar til Gapahuken dei ynskjer at ungdomsrådet kan nytte pengar til i 2021. Utstyret vil koma godt med til å skape meir aktivitet i Gapahuken, bidra til trivsel og ei enklare løysing for framsyning av film, gaming osv.

Det er ynskje om:

Kjøp av sofa til hemsan	15-20 000
Kjøp av VR-briller	4 000
Kjøp av Dongel – løysing for trådløs overføring av bilete til projektor	11 000

Sum: 35 000 inkl. mva

Finansiering:

Stønad frå frifond: 20 000



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Kristin Alfstad

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Mva kompensasjon	8750
Eigenandel, ungdomsrådet	7500

Vurdering: Ungdomsrådet vel å kjøpe inn disse tinga til bruk i Gapahuken. Øystein søker om stønad frå Frifond, for å dekke delar av desse utgiftene. Ved avslag, betalar ungdomsrådet heile kjøpesummen.

Skrivar

Øystein Skattebu